



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Stein Byrkjeland, 5557 2114 / 900 93 615  
Mari Bratberg, 5557 2123

Vår dato  
21.02.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/2014  
Dykkar referanse

Adresseliste

### **Marint vern i Hordaland - høyring av verneframlegg for tre kandidat område: Lurefjorden med Lindåsosane, Krossfjorden og Ytre Hardangerfjord**

---

**Fylkesmannen i Hordaland sender på høyring utkast til verneforslag for dei tre kandidat områda for marint vern i Hordaland.**

**Arbeidet er vurdert etter § 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltingslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar.**

**Høyringsfristen for å kome med innspel til verneforslaget er sett til 2. mai 2017.**

---

Arbeidet er gjennomført etter oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet av 28. mars 2014, om å gjennomføre ein verneplanprosess for nokre utvalde marine område, og oppdragsbrev som gjekk til Fylkesmannen frå Miljødirektoratet av 11. april 2014. Dei tre områda er omtalt som;

- (1) Lurefjorden og Lindåsosane, i kommunane Lindås, Radøy og Austrheim
- (2) Krossfjorden, i kommunane Sund, Austevoll, Os og Bergen
- (3) Ytre Hardangerfjord, i kommunane Tysnes, Kvinnherad og Stord

Oppstartsmelding til arbeidet vart sendt i mars 2015. Det har så langt som råd vore teke omsyn til innspel til oppstartsmeldinga ved utarbeiding av det endelege verneforslaget, som inkluderer framlegg til verneforskrift med vernereglar, avgrensing og verneverdiar. Ei oppsummering av innspela frå denne prosessen er lagt ved.

#### ***Prossessen vidare***

Det er Fylkesmannen i Hordaland som er ansvarleg for å lage verneframlegg og sende dette på høyring etter rammer sett av Miljødirektoratet. Etter høyringa vil Fylkesmannen utarbeide ei tilråding for vern som vert sendt til Miljødirektoratet. Deretter sender Miljødirektoratet ei endeleg tilråding til Klima- og miljødepartementet som kan fremje vedtak om oppretting av verneområde for Kongen i statsråd. Eit eventuelt vernevedtak vil vere ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Dersom vedtak om vern vert ein realitet, skal Fylkesmannen i ettertid utarbeide forvaltingsplan for det einskilde området. Forvaltingsplanen er ikkje juridisk bindande på same måten som verneforskrifta, og skal skissere ei rettesnor for forvaltninga innanfor rammene av verneforskrifta. Det vil bli egne høyringsprosessar for desse forvaltingsplanane.

### ***Avgrensing av områda og privat eigedom***

Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande verneområde som går ut eller ned til sjøen, foreslår vi å trekke grensa slik at tidevassona blir inkludert. Elles foreslår vi at grensa blir trekt utanfor privat grunn ved marbakken på 2 meters djup. Difor har vi ikkje sendt særskilt brev til alle eigedomar som grensar til kandidatområdet. I delar av Krossfjorden er denne grensa trekt vesentleg djupare.

Høyringsbrevet og tilhøyrande dokumentar vert sendt til offentlege instansar, foreiningar og interesseorganisasjonar. Om de veit om fleire som vil ha interesse av å få informasjon, eller lurar på noko kan de gjerne kontakte oss, [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) eller på telefon 55 57 20 00. Meir informasjon om arbeidet finn de på Fylkesmannen i Hordaland sin nettstad: [www.fylkesmannen.no/marintvern](http://www.fylkesmannen.no/marintvern)

### ***Til kommunane***

Vi ser at kommunane ønskjer meir informasjon og tett dialog med Fylkesmannen i den vidare prosessen. Dette har vi sjølvsagt stor forståing for. Så langt har vi halde opne informasjonsmøte rundt om i fylket, og også orientert om saka i nokre kommunestyremøte og for administrasjonen. Dei tre kandidatområda femner om areal i 10 kystkommunar i Hordaland.

Vi skal vere lett tilgjengelege for meir informasjon, formidling og dialog med desse kommunane, og reiser gjerne rundt til den einskilde kommunen i den grad det er behov og ønskje om dette. Vi ber kommunar som ønskjer dette om å ta kontakt med Fylkesmannen, og gjerne gjere framlegg om aktuelle møtetidspunkt.

### ***Innspel***

Alle involverte partar blir oppmoda til å ta del i høyringa. Innspel kan du sende til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen eller til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no). Merk saka med «Marint vern» og kva for område saka gjeld. Innspel kan også registrerast på Fylkesmannen i Hordaland sine sider: [www.fylkesmannen.no/marintvern](http://www.fylkesmannen.no/marintvern).

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen har ein offentleg postjournal og alle innspel blir registrerte i vår postjournal.

Om ein har gitt innspel til oppstartsmeldinga og ikkje har meir å tilføre no når saka er ute til høyring, treng ein ikkje skrive ny uttale. Vi tek med oss alle innspel til oppstartsmeldinga vidare i prosessen, der dei vil bli handterte som høyringsinnspel med mindre vi har fått ny uttale frå Dykkar instans.

Dette brevet vert sendt elektronisk med alle vedlegg til dei instansar vi har epost-adresse til. Andre instansar må sjølv finne fram til vedlegga på Fylkesmannen i Hordaland si heimeside.

Høyringsfristen for å kome med innspel til verneforslaget er sett til **2. mai 2017**.

Ved spørsmål, ta gjerne kontakt.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljøvernsjef

Stein Byrkjeland  
ass. miljøvernsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg:**

Forslag til forskrifter

Kart

Faktaark (2 stk per område)

Oppsummering innspel frå oppstartsmeldinga.

Adresseliste